Førsteblad

2.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Folkelege musikinstrument    Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.    Herad: Tustna

Emne: Fela    Bygdelag: "

Oppskr. av: Kristian Hovik.    Gard: Foesheim

(adresse): Gullstein    G.nr. 22    Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Emne nr. 6. Bolk A. SVAR

I Fela er eldste musikinstrumentet folk her veit om, og den har hatt same form so lenge nokon veit her.

Eg har prövd aa röksja etter kva tid dei kom i bruk, men ingen her veit det. Det later til at dei kom fraa Surnadal dei eldste felorne, men i 1869 kom ein hardanging hit (Lars Tveito fraa Ulvik). Han og ein bror for först som skipphandlarar, la saa iveg med landhandel i Valsöyfjorden (ei abobygd til Tustna) og gjorde buslit. Lars tok da arbeide som tömmermann og kom som saadan til Tustna, var med aa satte upp fjösbygning hjaa ein av kaksane her, og kom seg godt inn hjaa dunne. Da bygningja var ferdig fikk han lov til aa henta kona og borna hit. Han tok no til aa arbeide ei fele og spela paa ho so han vart namngjeten vidt omkring og fikk no bestillingar paa felor meire enn han vann arbeide og snart höyrde ein felelaat baade her og der. Lars Tveito arbeidde no felar baade til tusningane og til bygdene omkring her.

Nokon kunstnarar har ikkje kunna höyrt jete her. Fela har hatt same form av storleik so langt attover tida som ein veit.

~~Dei kjöpte tarmstrenger i byen.~~

Botnen var av bök (somme av björk), sargen av hegg, loket av gran, halsen med gripbrett av björk, spellhesten av björk. Halsen var ofte utskoren.

Strengane var först av hestetagl seinare av tarmar, kjöpte i byen (Kristiansund N).

1539

Bolk A (emne nr. 6)
I eldre tider bruka dei tagelstrengar, seinare tarmstrengar (kjöpte i byen) og metalstrengar. Tagelstrengar laga spelarane sjölv.
Korleis dei laga dei har eg ikkje faat greie paa.
Fela har visst ikkje vore brigda her i bygda d.v.s. den vanlege fele. Men Lars Tveito laga iblant harding felor, men dei var so mykje dyrare at det var visst ikkje mange som kjöpte dei.
Fela var bruka paa same vis för som no: me vinstre handa om felihalsin stödde ~~han~~ spelaren nedre enden av fela mot övre parten av brystkassen ofte hell opunder haka.
Lause dele av fela maa vel helst vera spellhestin og skruvane som strengne bli stramma med.
Variantar ~~vår~~ ukjende her.
Fela har ikkje altid hatt heilt "reint rulleblad": det var "gamlingens" musikinstrument (formentlig fardi den bruktes i danselag).
Eiemerker har ~~eg~~ eg aldri sett paa felor, heller ikkje har eg höyrt at andre har sett det.
Salmodikon kom til bygda i tida mellom 1860 og 1870, med lærarar som hadde faatt si oplæring paa ein lærarskule i Nesset i Romsdalen, bruktes mest til aa spelle i skulen og melodiar ved husandaktar o.l.
Da melodine i Lindemans koralbok vart utsett i sifre, bruka dei salmodikonen som lærmiddel til aa lære disse melodier, og dei gamle melodier gjekk i glöymeboka. Lærar Kristian Halse tok i 188. til aa samle dei gamle melodiarne paa Nordmöre. Kristian Halse er död, men hans sön Olav, som er organist i Halsa har tatt vare paa farens melodisamling. Organist Brain, Kristiansund N har fortsett samlinga av folketoner i Nordmörsbygdene.

1539

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bolk A. (emne nr. 6)

7. a) I eldre tider bruka dei tagelstrengar seinare tarmstrengar og metalstrengar.

b) I eldre tider laga ~~dei strengar~~ kvar spelar strenger ~~aat~~ sig, seinare kjøftes dei i byen.

c Det kan ingen her gi greie paa.

8) Fela har visst ikkje vorte brigda her i bygda.

9) Fela vart bruka paa same vis før som no; med venstre hand om felehalsen og andre endan av fela stød mot øverste del av brystkassen. Vet ikkje at den har vore bruka i andre høve en ved dans og festar og musikstemner.

10) Varianter vet me ikkje av her, naar det gjelder fela. Salmodikon var i førstninga berre ei fjøl med gripbrett paa, seinare vart den laga av tynne bord spildrar ca. 1 m lange, botten og laak hadde ei bredd 5 cm. sidefjølarne 5 cm. breide Gavlane hadde en lengde a 8 cm. I laaket var det eit sirkelrundt hol med 2 cm radius. Gripbrettet hadde en bredde av 1,5 cm og tykkelse 0,1 cm. forsynet med messingkramper der ein skulde sette fingeren for aa finne skalaens toner.

Salmodikonen blei innført her i 1860–70 av lærarar som var utlært paa en lærerskule i Romsdalen.

Salmodikon



11) Vart ikkje prydd.

12. Fela har ikkje hatt helt rent „rulleblad" i tidligere tider, men aa faa noraa greie paa dette har ikkje vart mulig. Bumerker er ~~føfanng~~ forlengst gaat av bruk.

a) Salmodikonen kom hit med lærarar som var utlært paa ein lærarskule i Romsdalen.

c) Brukast til aa spille melodier ved husandakter o.l. Da melodiene i Lindemanns koralbok melodier vart utsett i sifre, bruktes salmodikonen til aa lære disse, og dei gamle salmemelodier m.m. gikk i gløymeboka. Lærar Kristian Halse tok opp arbeidet for aa redde det som ennu fantes av disse.

Kristian Halse er död men sonen Leiv Halse, lærar ved Hommelvik folkeskule, har samlinga som ligg i manuskript. ~~meste parten~~ Organist Brein, Kristiansund N. har fortsatt samlearbeidet etter Kristian Halse.

(3) Salmodikonen er gaatt av bruk. Husorglet, gitaren og fela har tatt plassen. Her fins flere som kan spille fiolin til dans o.s.b., men ingen som kan siês aa være sers flink. Det same kan ogsaa siês om gitar- og orgelspillere, sers flinke er dei ikkje.

Spillehorn, bukkehorn, bruka jetarane til tidefördrift. Dei hadde ei treflistel tunge og paa eine sida 4 hol. Ved aa fingre paa disse fikk ein fram fleire toner. Dei andre instrument som er nemd paa side 4 er ukjende her. Som signalpipor paa jakt og fiske bruka dei ofte aa blaase i nökkelpipor.

Side 5.

Seljefløytor, halmfløytor og sjøfløytor har visst aldri vore anna en leiketøy og er framleis bruka til det.

Dei andre blaaseinstrument som er nemd her er ukjend i bygda her.

Det same gjelder strykeinstrument.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING